



Systemene Nilsen har medvind, ikkje berre den solgangsbrisen vi har fått i ettermiddag.

I kveld set Morten Nilsen og hans stab ein ny besøksrekord: 135 har førehandsbestilt plass til denne vekas skalldyraften.

- Det er tungt å seia nei til nokon som vil komma, men eg har vore nødt til å seia nei til så mange som 40. For med 135 under taket inne er det heilt fullt, seier Morten.

Gjestane kjem frå heile Kvinnherad og det er også ei gruppa utanfrå. Den kjem frå storverksemda Wärtsilä på Bømlo og omfattar nærare 20 unge medarbeidarar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)